

Stårheim elveigarlag
c/o Ole Martin Rafshol
6777 STÅRHEIM

Stårheim 04 september 2025


nve@nve.no

Dykkar ref.: 201907463-75 Niklas Egriell

Tilleggsinformasjon om hydrologi og kost-nyttevurdering for synspunkter

Vi viser til vår tidlegare innsende merknad til revideringa av Åmela utbygginga av 31. 10. 2022 som vi meiner er dekkande framleis.

Vi viser her eit bilete av vassføringa i Stårheimselva ved måleterskelen på kote 75 teke 25 juli 2025.



Dette er så lita vassføring at det påvirkar liv og miljø i og langs elva. Vi står fast på at ei viss minstevassføring må kome på plass gjennom denne saksgangen.

For å få vite dagens tilstand i elva før oppstart av den nye kraftutbygginga ved Tinfos som pågår no i desse dagar, tok Stårheim elveigarlag kontakt med Biota Naturkompetanse AS til å få utført habitatkartlegging og ungfiskundersøkingar i Stårheimselva i 2024.

Biota Naturkompetanse AS har på oppdrag fra Stårheim Elveigarlag undersøkt Stårheimselva og utarbeidet en rapport om habitatforholdene og tettheten av ungfisk. I tillegg er det gjort en vurdering av den økologiske tilstanden og foreslått tiltak for å forbedre produksjonsforholdene for laks og sjørørret i elven.

Denne rapporten er vedlagd og vi meiner den støttar opp om vårt syn på manglande minstevassføring over tid.

I vedlegg 2 Åmela kraftverk – notat vedr. kostnad ved evt. etablering av minstevassføring.

Her synest vi kostnadane som er oppsett er urimeleg høge, sjølv med vår manglande kunnskap. Den manglande årsproduksjonen blir sjølv sagt mindre for Åmela kraftverk, men tilsvarande større for Stårheim kraftverk. Det samfunnsmessige verditapet skulle då bli null.

Med venleg helsing
Stårheim elveigarlag

v/leiar Ole Martin Rafshol

913 82 379

olemartin.rafshol@gmail.com